

# Strategiplan 2024-27



## Føremålet

---

Formålet med denne strategiplanen er å sette ei tydelig retning for den rolla Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR) skal ha i lokalsamfunnet og kva fokusområde selskapet skal ha dei neste åra.

Renovasjonsbransjen er prega av ei rask utvikling, der det har skjedd store endringar på få år. Frå at hovudformålet var «å bli kvitt» avfallet, handlar det no om å ta vare på ressursane, betre kvaliteten på dei og syte for at dei får ei best mogleg vidare nytting.

Det er viktig å sikre ein god balanse mellom dei sentrale og lokale måla, samstundes som samfunnsoppgåva vert konkretisert og broten ned til konkrete mål med tilhøyrande handlingsplan ut frå det.





# Innhald

Føremålet .....	2
1. VØR sitt samfunnsoppdrag .....	4
1.1 Kva inneber VØR sitt samfunnsoppdrag? .....	5
2. Visjon, verdiar og slagord .....	6
3. VØR sine fokusområde og hovudmål .....	8
4. Berekraftsmåla .....	9
5. VØR og berekraft .....	10
5.1 Aukande kostnadar med å sende avfall til energigjenvinning .....	11
5.2 Materialgjenvinning .....	12
5.3 Ombruk .....	13
5.4 Avfallsførebygging .....	14
6. Klima og miljø .....	15
6.1 Innkjøp .....	15
6.2 Logistikk og transport .....	16
6.3 Hindre skade på miljøet .....	17
7. Kvalitet .....	18
7.1 Kvalitet i avfallsfraksjonar .....	18
7.1.2 Nedgravne anlegg og fritidshusrenovasjon .....	19
7.2 Kvalitet i tenestene våre .....	20
8. Profesjonalitet .....	21
8.1 Profil .....	22
8.2 Utbetring av anlegg .....	22
8.3 Rasjonalisering og forbetring av innsamlinga .....	23
8.4 Digitalisering .....	24
9. Samarbeid .....	25
9.1 Kva kan vi samarbeide med andre om? .....	26
10. Eigarskap i andre selskap .....	26
Vedlegg 1. Handlingsplan 2024-2027 .....	28



## 1. VØR sitt samfunnsoppdrag

*VØR si samfunnsoppgåve er å handtere innbyggjarane sitt avfall så effektivt, miljøvenleg og verdiskapande som råd. Formålet er at VØR i lag med innbyggjarane syter for at avfallet er ein ressurs som kan brukast igjen og igjen. Slik bidreg vi til eit meir berekraftig samfunn.*



## 1.1 Kva inneber VØR sitt samfunnsoppdrag?


---



Oppfylle dei pliktene kommunene har etter forureiningslova knytt til innsamling og gjenvinning av ressursane i hushaldningsavfallet.



Gje eit framtidsretta og berekraftig tenestetilbod som vektlegg eigarkommunene sine ambisjonar om å redusere utslepp av klimagassar.



Gje eit kostnadseffektivt tenestetilbod.



Gje eit brukarvenleg, fleksibelt og likeverdige tenestetilbod for innbyggjarane, som på ein positiv måte stimulerer til berekraftige haldningar og åtferd.




## 2. Visjon, verdier og slagord

VØR sin visjon er å arbeide for ein sirkulær økonomi i framtida. VØR skal medverke til avfallsreduksjon, betre kjeldesortering og auka ombruk blant innbyggjarane i Volda og Ørsta. Vi skal opptre som ein ansvarleg samfunnsaktør og levere gode, rasjonelle og miljøvenlege tenester til innbyggjarane i kommunane våre.

Og dette skal ein oppnå gjennom gode verdier. VØR sine hovudverdier er:

- **Kompetente:** VØR sine val og slutningar skal byggast på kompetanse. VØR skal ha eit høgt kunnskapsnivå om berekraftige, rasjonelle og gode løysingar.
- **Miljøbevisst:** VØR skal arbeide for gode og miljøvenlege tenester til innbyggjarane i kommunane våre. Vi skal innanfor akseptable økonomiske rammer ta val som er bra for klimaet og miljøet.
- **Engasjert:** VØR skal vere serviceinnstilt og imøtekomande ovanfor kundane våre. Vi skal motivere til avfallsreduksjon, betre kjeldesortering og auka ombruk.
- **Lagspelar:** VØR som selskap skal vere eitt lag, og vi skal samstundes spele på lag med eigarane, dotterselskap og kundane våre. Saman skal vi finne gode løysingar.



Figur 1 - VØR sine verdier



# «Sortert avfall gir verdi»



VØR sin hovudbodskap og slagord er at «*Sortert avfall gir verdi*». Dette inneber at vi må ta vare på ressursane og føre dei tilbake til kretsløpet, og på den måten bidra til ein sirkulær økonomi. Då får avfallet vårt verdi både miljømessig og økonomisk.



### 3. VØR sine fokusområde og hovudmål



Figur 2 - VØR sine fokusområde

VØR har fem område som ein vil fokusere på i dei neste åra. Og under kvart av fokusområda har VØR eit hovudmål.

1. Berekraft	65 % materialgjenvinning og ombruk innan 2030.
2. Klima og miljø	Minimere CO2-utslepp og hindre skade på miljøet.
3. Kvalitet	Vi skal levere betre råvarer og ha god kvalitet i tenestetilbodet.
4. Profesjonalitet	Vi skal forbetre og rasjonalisere tenester og anlegg, og auke digitaliseringa.
5. Samarbeid	Inngå samarbeid som kan auke kunnskapen, spare kostnadar og gi fordelar for VØR, miljøet og abonnentane.

Figur 3 - VØR sine fokusområde og mål



## 4. Berekraftsmåla

I 2015 vedtok FN 17 berekraftsmål som alle medlemsland er forplikta til. VØR sine aktiviteter og mål skal vere i tråd med FN sine berekraftsmål. Gjennom VØR sitt samfunnsoppdrag medverkar vi både direkte og indirekte kvar einaste dag for at ein skal nå berekraftsmåla.



Figur 4 - FN sine berekraftsmål

Det er spesielt fire av berekraftsmåla som er relevante for at vi skal kunne nå våre fem hovudmål. Dette er mål 11 – berekraftige byar og lokalsamfunn, 12 – ansvarleg forbruk og produksjon, 13- stoppe klimaendringane og 17 – samarbeid for å nå måla.




Figur 5 - Relevante berekraftsmål for VØR



## 5. VØR og berekraft


*Hovudmål nr 1: 65 % materialgjenvinning og ombruk innan 2030*

Noreg skal framover omstille seg til ein meir sirkulær økonomi. EU sitt rammedirektiv og nasjonale målsettingar krev meir gjenvinning, ombruk og reduserte klimautslipp. Og i denne samanheng spelar avfallsbransjen ei sentral rolle nasjonalt, og VØR ei betydeleg rolle lokalt.



Figur 6 - Avfallspyramiden

For å få til ein sirkulær økonomi må VØR produsere råvarer og ombruksvarer av avfallet ein samlar inn og avfallet vi tar i mot på miljøstasjonane.



Figur 7 - Sirkulær økonomi

Når eit produkt ikkje har verdi for nokon lenger vil det anten gå som avfall, til ombruk eller til materialgjenvinning. At nokon ser nytte i eit brukt produkt, og kan nytte det anten som det er eller til eit anna formål, gjer at produktet får forlenga levetid. Vi vil at mest mogleg av det som blir produsert går til ombruk, før det går til materialgjenvinning.


## 5.1 Aukande kostnader med å sende avfall til energigjenvinning

Det er i dag CO<sub>2</sub>-avgift på forbrenning av avfall. For 2023 er satsen satt til 238 kr per tonn CO<sub>2</sub>, og dette utgjer 131 kroner per tonn levert avfall til forbrenning. I Klimaplan 2021-2030 varslar ein ei gradvis auke i denne avgifta, og ein skal opp i 2000 kr/tonn CO<sub>2</sub> i 2030. Dette vil utgjere over 1000 kr i CO<sub>2</sub>-avgift per leverte tonn med avfall til forbrenning. Det vil bli svært kostbart å levere avfall til forbrenning, og ein må sjå på andre nedstrømsløysingar. Å flytte avfallet oppover i avfallspyramiden vil vere heilt avgjerande, dersom ein skal halde gebyra på eit leveleg nivå for innbyggjarane våre i framtida. *Vi må jakte på avfall i restavfallet som kan nyttast til ombruk og-/eller materialgjenvinning.*



## 5.2 Materialgjenvinning

VØR hadde i 2022 ein materialgjenvinningsgrad på 56,4%. Målet for 2030 er 65% materialgjenvinning og ombruk. For å få til dette, må vi flytte meir av avfallet vårt oppover i avfallspyramiden. Mindre av avfallet vårt må gå til energigjenvinning og deponi, og meir til råvarer og ombruk.



Figur 8 - Materialgjenvinning og ombruksgrad

Plukkanalysane som er tekne frå restavfallsdunkar i kommunane Volda og Ørsta viser at vi har potensiale i å hente ut meir frå restavfallet i dunkane til abonnentane våre. Potensialet ligg i å hente ut meir av dette:

- Matavfall
- Tekstil
- Emballasje
  - o Glas og metallemballasje
  - o Papir, papp og kartong
  - o Plastemballasje
- Hardplast

Frå 1.januar 2023 vart det gjort endringar i avfallsforskrifta. Det er no strengare krav til kjeldesortering. Det er no ikkje tillate å kaste matavfall, plast og hageavfall i restavfallet. Dette er fraksjonar som skal gå til materialgjenvinning. Dette gjeld også for fritidsbustadar. Og her ser ein eit stort potensiale i å hente ut meir råvarer frå avfallet som kan gå til materialgjenvinning.

For plastemballasjeavfall skal innsamling, sortering, materialgjenvinning og anna behandling finansierast av produsentane via produsentansvarsordningar. Men når det gjeld kostnadane knytt til handtering av matavfall, hageavfall og plastavfall som ikkje er emballasje, skal dei finansierast gjennom avfallsgebyret. *I praksis vil dette seie at kostnadane med å innfri*



*myndighetene sine krav om auka utsortering av matavfall, hageavfall og plast, skal betalast av hushaldningane i Volda og Ørsta.*

### 5.3 Ombruk



*Ombruk er når materialar eller produkt blir tatt vare på og brukt igjen i staden for å bli kasta og erstatta med nye.*

Per i dag har VØR lite ombruk av avfallet som blir tatt i mot eller samla inn. Det er stort sett berre tekstilane som vi tar i mot på miljøstasjonen som går til ombruk. Men skal ein nå måla om 65% materialgjenvinning og ombruksgrad i 2030, må vi få nytta mykje meir av materiala og produkta våre igjen, og lage gode og enkle løysingar for ombruk. Ombruk står nest øvst i avfallspyramiden, og ombruk er bra både økonomisk og for klimaet.

Frå 2025 skal Noreg ha på plass ei separat innsamling av tekstil frå hushaldningane. Og det er kommunane som får ansvar for denne innsamlinga, og dermed VØR i kommunane Volda og Ørsta.

Men for at VØR skal kunne drive med ombruk treng vi gode rammevilkår, politisk vilje til å satse på dette og gode samarbeidspartnarar. Dagens rammevilkår avgrensar VØR og kommunane sine verkemiddel for å gjere avfallsreducerande tiltak. Dei lovpålagde oppgåvene er først og fremst å sikre forsvarleg handtering av avfall frå hushaldningane. KS Bedrift er pådrivar for at ein skal endre sjølvkostregelverket i tråd med måla om sirkulær økonomi. Og KS Bedrift oppfordrar kommunale aktørar til å finne gode løysingar innanfor gråsonene i dagens regelverk.

Kommunane har heimel til å utarbeide forskrifter, og dette har også Volda og Ørsta kommune gjort. Og ei endring i denne forskrifta vil vere eit naturleg steg for at ein skal kunne gjere meir i høve ombruk.



## 5.4 Avfallsførebygging

---

Øvst i avfallspyramiden har vi avfallsførebygging. Å hindre at avfall oppstår er det beste miljøtiltaket ein har. I Noreg har vi eit stort forbruk, og vi har hatt stor kjøpekraft dei siste åra. Avfallsveksten har lenge vore større enn både folkeveksten og den økonomiske veksten.

I EU jobbar ein no med revisjon av EU sitt rammedirektiv om avfall. Formålet med denne revisjonen er at ein skal redusere mengda med avfall, i tråd med handlingsplanen for ein sirkulær økonomi. Det vil bli sett mål for avfallsreduksjon og ein får produsentansvar for fleire produktkategoriar.

Sjølv om ein set seg mål om avfallsførebygging ligg mykje av makta hjå forbrukarane og produsentane. At ein produserer produkt med auka levetid er vesentleg, og at forbrukarane vel å reparere i staden for å kjøpe nytt er også særskilt viktig.

For VØR sin del kan ein gjennom å legge til rette for ombruk og reparasjon bidra til auka levetid på produkt og dermed også avfallsførebygging. Ein kan også gjennom kommunikasjon auke bevisstheita til innbyggjarane og på den måten bidra til ein reduksjon i avfallsmengda. Plukkanalyse for matavfall gjort hausten 2022 viser blant anna at det er nesten 50 % matsvinn i dunkane frå innbyggjarane i Volda og Ørsta. Det er eit stort potensiale i å redusere avfallsmengda.



## 6. Klima og miljø

### Hovudmål nr 2: Minimere CO2-utslepp og hindre skade på miljøet


Gjennom Parisavtalen forplikta 194 land, i tillegg til EU, seg til å kutte klimagassutsleppa sine. Dette gjeld også Noreg, og vi har her i landet ein eigen nasjonal handlingsplan for korleis dette skal gjerast. Noreg har som mål å bli eit lav-utsleppssamfunn innan 2050, og redusere eigne klimagassutslepp med 90-95 % samanlikna med 1990.

Dei viktigaste utsleppskjeldene i Noreg er olje- og gassutvinning, industri, vegtrafikk og annan transport. Og i denne samanheng kan VØR medverke i tillegg til å ta gode og miljøvenlege val i for eksempel innkjøp. Berekraftsplanar og klimarekneskap vil vere gode verkemiddel for å gjere eit målretta arbeid på klima og miljø.

### 6.1 Innkjøp

VØR er som ein offentleg aktør underlagt lova om offentlege anskaffingar. Frå 2024 skjerpar regjeringa krava for å ivareta klima- og miljøomsyn ved offentlege anskaffingar. Ein må legge mykje større vekt på klima og miljøomsyn. Som hovudregel må ein i offentlege anskaffingar vekte klima- og miljøomsyn med minimum 30 % etter 01.01.24.

Samtidig som vi skal vektlegge miljø mykje meir i anskaffingane våre, er det naturleg at ein også ser på kvalitet. God kvalitet har ofte lengre levetid, og ein minimerer dermed avfallsmengda som vi sjølve som selskap produsera. Vi vel då å sjå meir på kvalitative kriterium enn kvantitative kriterium. Pris og leveringstid vil også alltid vere relevante faktorar.



Figur 9 - Kriterium ved offentlege anskaffingar

Det viktigaste er at vi nyttar kriterie som reflekterer dei behova og målsettingane vi har for anskaffinga.

## 6.2 Logistikk og transport



I 2022 transporterte vi ut 7781 tonn med avfall til ulike mottaksanlegg i Noreg og Europa. I tillegg transporterte vi inn 4515 tonn med avfall inn til våre anlegg i Hovdebygda og Melsgjerdet frå hushaldningane i Ørsta og Volda. Dette utgjer mange køyrde km med lastebil og båt i året.

På slutten av 2022 fekk vi montert opp ei kanalpresse på Melsgjerdet. Dette for å optimalisere transporten ut på fraksjonar som papir, papp og plast. Med dette sparer vi talet på transportar på desse fraksjonane med kring heile 70% per år, og dermed også mindre CO<sub>2</sub>-utslepp. Framover må vi sjå på om det er fleire fraksjonar enn papp og plast som kan pressast eller kompakterast før uttransport for å optimalisere transporten og minske CO<sub>2</sub>-utsleppet.

Det er også viktig at ein ser på lokale og regionale nedstrømsløysingar. Mykje av avfallet vårt sender vi ut av regionen vår for behandling, og noko også ut av landet. Dette gjer at avstand frå oss til mottakar kan vere veldig lang. Dette gjer transporten kostbar, og miljømessig er det ikkje optimalt.

Renovasjonsselskapa i nordvest lagar no ei felles utgreiing knytt til handtering av matavfall i regionen vår. Hovudfokus i utgreiinga skal vere forbehandling av matavfall til biogassproduksjon. Forbehandla matavfall kan då nyttast som råstoff i biogassproduksjon i eit fullskala biogassanlegg. Tekniske løysingar, økonomi og logistikk er sentrale tema i utgreiinga. Eit slikt anlegg i nærområdet vårt vil spare mange køyrde km kvart år, og dermed også her sparte kostnader og CO<sub>2</sub>-utslepp.


Kva materiell ein nyttar ved transport i eigenregi, ved lasting og transport til mottaksanlegg er også vesentleg. I dag køyrer vi fem renovasjonsbilar med Euro 6 teknologi og ein



renovasjonsbil med Euro 5. Ved kjøp av nye bilar og maskiner vil vi sjå på om vi kan nytte noko anna enn fossilt drivstoff.

### 6.3 Hindre skade på miljøet

Vi har som mål at vi skal hindre skade på miljøet i samband med vår drift. For å klare dette må vi ha anlegg, utstyr og bilar som tilfredsstille dei krav som er sette. Vi må gjere gode risikoanalysar, spesielt på ytre miljø, og samtidig ha fokus på brannførebygging. Gjennom gode prosedyrar og dedikerte tilsette kan ein hindre skader på miljøet.



Figur 10 – Korleis arbeide for å hindre skade på miljøet

## 7. Kvalitet

### *Hovudmål nr 3: Vi skal levere betre råvarer og ha god kvalitet i tenestetilbodet*

Eit av fokusområda til VØR er kvalitet. Med kvalitet i råvarene meiner ein at ein skal tilfredsstille dei krava det er til råvara for at den skal kunne nyttast til rett formål – anten det er til å produsere energi eller lage nye produkt. Med kvalitet i tenestetilbodet kan ein enkelt seie at ein skal tilfredsstille kundane sine krav og forventingar til oss.



VØR vart i 2019 **ISO-9001** sertifisert. Gjennom dette sertifikatet viser vi at vi aktivt jobbar for å møte dei krav og forventingar myndigheiter og kundar har til kvalitet og kundetilfredsheit.

### 7.1 Kvalitet i avfallsfraksjonar

For å sikre at ressursane i avfallet vårt blir nytta best mogleg, samtidig som ein reduserer miljøbelastninga, er det viktig at vi sender frå oss gode råvarer som kan nyttast som ein ressurs. Og kvalitetskrava på råvarene som vi sender frå oss, blir berre strengare og strengare. Skal vi få gode råvarer som kan nyttast til materialgjenvinning, må kvaliteten vere god. Vi må ha reine fraksjonar.

Gjennom revisjonar, kvalitetskontrollar og stikkprøver blir avfallet som vi sender frå oss kontrollert. Avfall som ikkje høyrer heime blir identifisert, og ein prisar råvara etter reinleiksgrad. Til betre kvalitet, til betre pris.



Bilde 1 - Plastrevisjon utført av Plastretur

Når vi sender frå oss avfall har vi noko som er såkalla «*plussfraksjonar*», og noko som er «*minusfraksjonar*». Plussfraksjonar får vi betalt for å levere, medan minusfraksjonar må vi betale for å få levere.

Tradisjonelt sett har papir, papp, plastemballasje, glas- og metallemballasje, metall, batteri, spillolje og elektrisk/elektronisk avfall vore avfallstyper som vi får betalt for. Men vi ser at marknaden svingar.

### 7.1.2 Nedgravne anlegg og fritidshusrenovasjon

I 2023 kom det nye krav om at mat- og plastavfall frå alle hushaldningar skal sorterast ut. Dette gjeld også for fritidsbustadar. Dette kravet kom fordi vi skal utnytte enda meir ressursane som er i avfallet. Og vi ser at kvaliteten på avfallet som vi hentar inn frå renovasjonspunkt til fritidsbustadar og enkelte nedgravne anlegg er for dårleg. Her må vi skaffe oss data, analysere avfallet og starte arbeidet med å betre kvaliteten.

## 7.2 Kvalitet i tenestene våre

---

Vi har valt å fokusere på seks faktorar for å sikre kvalitet i tenestene våre.



Figur 11 - Dimensjonar for kvalitet i tenestene

**Tenesteutvikling:** Vi må utvikle tenestene etter korleis samfunnet rundt oss er.

**Tilgjengeleg:** Vi må vere tilgjengelege for kundane våre, både fysisk og digitalt.

**Trygge og sikre:** Vi skal levere og hente til avtalt tid. Vi skal også gjere dette på ein trygg og sikker måte både for våre tilsette og innbyggjarane i kommunane våre.

**Likebehandling:** Vi skal behandle alle kundar likt.

**God ressursstyring:** Utnytte ressursane våre best mogleg.

**Dialog med kundane våre:** Vi skal lytte til kundane våre og sjå deira behov.

Samfunnet rundt oss er stadig i endring. Fleire og fleire bur i sentrumsområde, fleire bur i leilegheiter og meir folk vel å bu aleine. VØR må difor utvikle tenestene sine etter trendane i kommunane våre. Vi kan truleg ikkje levere tenestene på same måte i 2030 som vi gjer i 2023. Vi lever også i eit samfunn der det meste er tilgjengeleg nesten døgnet rundt, og folk forventar å finne raskt svar på spørsmål ein har. Gode tilbod på miljøstasjon, innsamling, nettside osv vil vere viktig.



VØR vil levere tenester som forventa og til avtalt tid. Og vi har eit mål om at dette skal gjerast på tryggast mogleg måte. Vi skal framover fokusere meir på trafikktryggleik ved innsamling av avfall, på miljøstasjonen og HMS hjå våre tilsette.

Vi har i dag ei veldig omfattande og detaljert lokal renovasjonsforskrift å forhalde oss til. Dette gjer at den kan vere krevjande både å forstå og å handheve. Ein har i forskriftene ei blanding av lovpålagte krav og retningslinjer, og små endringar i utføringa av tenesta krev per i dag endring i forskrifta. Ei revidering av denne forskrifta må gjerast for å gjere den meir tidsrett og at vi sikrar oss at alle blir likebehandla.

Vi vil i tida framover fortsette å fokusere på å utnytte ressursane våre best mogleg, både maskiner og personell. Det er også viktig med god dialog med kundane våre. Korleis dei opplever tenestene vi leverer er viktig å vite.

## 8. Profesjonalitet

**Hovudmål nr 4: Vi skal forbetre og rasjonalisere tenester, anlegg og auke digitaliseringa**

VØR må forhalde seg til veldig mange ulike sprikande krav og forventingar. Myndigheitene har sine lovpålagte krav, forsikringselskap sine krav, vi har miljøkrav og så har vi også kundane sine krav og forventingar som vi skal forhalde oss til. Og alt dette skal henge saman med økonomien. Vi skal drive VØR etter sjølvkostprinsippet.



Figur 12 - Sprikande krav og forventningar



Så når vi har som mål å profesjonalisere oss må dette henge saman, og ein må ta dette stegvis. Framover vil vi fokusere på å profesjonalisere miljøstasjonen vår i Hovdebygda og profilen vår. Vi vil også fokusere på å rasjonalisere drifta vår, då særleg med vekt på innsamling. Ruteoptimalisering og god ressursutnytting vil her vere sentralt.

## 8.1 Profil



VØR har per i dag ikkje ein fastsett profil eller profilering utad. Det har vore noko tilfeldig kva fargeval vi nyttar, og vi har ein noko sprikande budskap på for eksempel renovasjonsbilane våre.

Vi ønskjer i framtida å synleggjere VØR som eit profesjonelt og miljøbevisst selskap. Vi skal vere ein attraktiv arbeidsplass med gode verdiar. Og dette må synleggjerast på utstyr, anlegg, kommunikasjonen ut og på folka som jobbar for VØR.

## 8.2 Utbetring av anlegg





Vi har per i dag eit nytt og moderne omlastingsanlegg på Melsgjerdet som tilfredsstillar dagens krav til avfallshandtering. Vi har kapasitet til dagens bruk, og vi har kapasitet også framover i tid med det nye anlegget. Medan omlastingsanlegget vårt er moderne, har vi ein miljøstasjon og eit administrasjonsbygg som er modne for oppgradering for å tilfredsstillar nye krav og behov framover i tid.

Anlegget i Hovdebygda har ei blanding av næringsaktivitet og trafikk av private bilar. Dette gjer at ein har store utfordringar med trafikktrygginga. Det hastar med å få gjort tiltak på dette.

Det kjem også stadig nye fraksjonar som skal sorterast ut, og vi har lite areal i Hovden å gå på, slik det er no. Og skal vi kunne fokusere på meir ombruk og materialgjenvinning framover må vi rigge oss for det. Ein må i tida framover ta stilling til kva ein skal utvikle i Hovdebygda, og kva som skal leggest til Melsgjerdet.

### 8.3 Rasjonalisering og forbetring av innsamlinga



VØR har i dag ei stabil og ryddig drift som går godt. Vi har dyktige tilsette som kvar dag gjer sitt for at vi skal få samla inn alt avfallet i kommunane Volda og Ørsta. Men vi har eit sterkt ønske om å utvikle oss og bli enda betre.

Vi vil difor i tida framover fokusere på å forbetre og rasjonalisere innsamlingsdelen av drifta vår. Dette vil vi gjere ved å:

- Optimalisere ruter.
- Betre trafikktrygging ved innsamling av avfall.




- Sjå på korleis utnytte ressursane best mogleg.
- Etablere og utbetre nedgravne anlegg og renovasjonspunkt for fritidsbustadar.
- Ha god og konstruktiv dialog med kundane våre

## 8.4 Digitalisering

VØR har eit stort potensiale i å digitalisere meir, både administrative funksjonar og i drifta. Og dette vil ein vere heilt avhengig av å gjere i tida som kjem. Ved å legge til rette for generering av digital informasjon, handtering og utnytting av informasjonen ved hjelp av teknologi, kan ein skape betre arbeidsflyt, betre tenester og større effektivitet.

Digitalisering kan skape auka verdi for både kundane våre, interne prosessar og styring av selskapet.



Figur 13 - Digitalisering kan skape verdi



## 9. Samarbeid

**Hovudmål:** Inngå samarbeid som kan auke kunnskapen, sparar kostnadar og gi fordelar for VØR, miljøet og abonnentane.

Vi er inne ei krevjande tid med aukande inflasjon, høge renter, og stadig strengare krav til bransjen, noko som igjen krev god og rett kompetanse. Dette gjer at ein må ta grep som gjer at vi kan spare kostnadar i form av gode innkjøp, rasjonell drift og ein må ha gode system. Samtidig er det aukande lovkrav som skal innfriast på kort og lengre sikt. Dette vil krevje god kompetanse og meir kunnskap både internt og eksternt.

Desse utfordringane står også andre i bransjen ovanfor. Vi har i stor grad dei same utfordringane og problema som skal løysast. Og vi har tru på at mykje av dette kan ein løyse i fellesskap saman med naboselskap, dotterselskapet vårt og eigarane våre. Dette kan gi sparte kostnadar, betre tenester for kundane våre og ein kan få miljøgevinst.



## 9.1 Kva kan vi samarbeide med andre om?

---

Gjennom gode samarbeid kan ein skape stordriftsfordelar, gjere oss mindre sårbare og auke kunnskapen i VØR. Det er mange områder ein kan samarbeide på, men vi har valt oss ut nokre område for denne strategiperioden.



Figur 14 - Potensielle samarbeidsområde

## 10. Eigarskap i andre selskap

---



VØR oppretta Retura Søre Sunnmøre AS i 2004. Dette er eit heileigd dotterselskap som tar seg av næringsavfallet.

Opprettinga av Retura Søre Sunnmøre AS hadde to hovudformål:

1. Å få synergieffektar med å utnytte felles ressursar som maskiner, mannskap, anlegg og utstyr.



2. Å gje eit godt tilbod til næringslivet i området, slik at ein kan tilby fullspekter av tenester, t.d. farleg avfall og matavfall.

Retura Søre Sunnmøre AS skal fortsett vere ein del av VØR, og dette er både vi og eigarane våre einige om. VØR er eit lite selskap, og skal ein kunne forsvare investeringar som til dømes Melsgjerdet må ein kunne nytte det til meir enn berre hushaldningsavfall.

Det vil også i framtida vere viktig å utnytte felles ressursar til det beste for begge selskap. Saman kan vi skape gode fagmiljø som kan styrke oss begge. I dei komande åra vil det vere viktig å sjå på korleis vi fysisk skal skilje enda meir næringsaktiviteten på anlegget i Hovdebygda. Saman må vi finne gode løysingar for aktiviteten til begge selskapa skal vere så sikker, rasjonell og optimal som mogleg.

VØR eig også 30 aksjar i Retura Norge AS. Retura Norge AS er ei kjede i avfallsbransjen som er eigd av private og offentlege aktørar i bransjen. Retura arbeidar oppstrams mot kundar, med spesielt fokus på landsdekkande avtala.



## Vedlegg 1. Handlingsplan 2024-2027

Berekraft			
Mål nr 1 : 65 % materialgjenvinning og ombruk innan 2030			
År	Tiltak	Kommentar	Berekraftsmål
2024	Førebuing og plan for utsortering av tekstil frå 2025.	Frå 2025 er det krav at kommunane skal sortere ut tekstil.	
2024	Sjå på moglege løysingar for å få inn meir hageavfall.	Frå 1.januar 2023 vart det gjort endringar i avfallsforskrifta. Det er no strengare krav til kjeldesortering. Det er no ikkje tillate å kaste matavfall, plast og hageavfall i restavfallet.	
2024	Endring av forskrift	Starte arbeidet med å endre lokal forskrift slik den også omfattar ombruk.	
2024-2025	Fullsortering på punkt for fritidsrenovasjon	Utvikle gode og funksjonelle tenester. Stette krava om kjeldesortering	
2025	Utsortering av tekstil	Kjem lovkrav om utsortering av tekstil frå 2025. Dette blir eit kommunalt ansvar.	
2024-2027	Betre sorteringsgraden på nedgravne anlegg	For å betre sorteringsgraden på nedgravne anlegg må vi innhente data gjennom t.d plukkanalyser og kontrollar. Deretter må ein ha målretta kommunikasjon mot målgruppa.	
2024-2027	Auke ombruksgraden	Vi må sjå på ombruk som ein nedstrøm. Vi må aktivt søkje etter mottakarar på dette, og lage oss konkrete mål for ombruksgrad.	
2024-2027	Avfallsførebygging	Gjennom målretta kommunikasjon som er faktabasert må vi informere om tiltak som kan bevisstgjere folk. Matavfall og matsvinn er ein naturleg	



		del å starte med pga vi har gode data på dette.	
2024-2027	Jakte på restavfallet	Vi må i dei komande åra jakte på restavfallet. Med det meiner vi at vi skal hente ut dei ressursane i restavfallet som kan nyttast til materialgjenvinning eller ombruk. Restavfallsmengda skal ned.	
<b>Klima og miljø</b>			
<b>Mål nr 2: Minimere CO2-utslepp og hindre skade på miljøet</b>			
År	Tiltak	Kommentar	Berekraftsmål
2024	Skifte ut dei to varebilane vi har.	Vi har per i dag to eldre varebilar som går på diesel. Det er naturleg at når desse no skal bytast ut at vi ser på alternativ til diesel.	
2024	Klimarekneskap	For å få ein status på CO2-utsleppet vårt må vi lage eit klimarekneskap. Dette gjer det lettare å gjere tiltak etterpå.	
2024	Forbehandling matavfall	Avgjere om vi skal behandle matavfall på Melsgjerdet eller ein annan stad i vår region. Rapport som blir framlagt i slutten av 2023 vil gje oss eit beslutningsgrunnlag.	
2024-25	Sjå på regionale nedtraumsløysingar og optimalisere transporten ut. Mest mogleg avfall og råvarer på kvar transport.	Vi køyrer i dag veldig langt for å levere avfall til mottaksanlegg.	
2025	Rasjonalisere innsamlingsruter	Vi har per i dag ein del ruter med kapasitet. I tillegg har vi ein del problem med vegar som er vanskeleg å køyre på vinteren. Vi køyrer også mange gater/vegar to gongar for å få med dunkar på begge sider. For å starte med dette må vi ha nok kapasitet og ressursar i	



		organisasjonen. I tillegg må vi ha god kommunikasjon med vegeigar og kundane våre.	
2024	Overgang til bioposar til matavfall.	Vi har per i dag plastposer som vi deler ut til sortering av matavfall. Vi veit at ein i bioresten sit igjen med ein del mikroplast. Vi vil bidra til at det kjem mindre mikroplast ut på markane, og gå over til eit meir miljøvenleg alternativ til plastpose.	
2025	ISO-14001 sertifisere oss	Vi er i dag ISO-9001 sertifisert. Dette er standarden for kvalitetsleiing. ISO-14001 er standarden for miljøleiing. Denne har fokus på berekraftig utvikling.	

**Kvalitet****Mål nr 3: Vi skal levere betre råvarer og ha god kvalitet i tenestetilbodet**

År	Tiltak	Kommentar	Berekrftsmål
2024	Kampanje på glas og metall	Vi nyttar i dag mykje ressursar på ettersortering av glas og metallemballasje. I tillegg får vi også med jamne mellomrom trekk frå mottaksanlegget. Vi må ha kvalitetskontroll på kvar einskild dunk og ha og kommunikasjon ut til kundane våre.	
2024	Trafikktryggingstiltak miljøstasjon	Gjennomgang av skilting og køyremønster på miljøstasjonen i Hovdebygda er nødvendig. Vi må merke opp køyremønster og skilje meir næring og privat.	



2024	RBM – Renovasjonsbench-marking	Gjennom å delta på RBM får vi nyttig data som gjeld tenestenivået vårt, indentifiserte sterke og svake sider og gjort kundeundersøkingar.	
2024-2025	Trafikktryggingstiltak renovasjonsruter	Vi må ta ein systematisk gjennomgang av alle renovasjonsruter med tanke på trafikktryggleik, både for våre tilsette, mjuke trafikantar og andre bilistar.	
2024-2025	Forskriftsrevisjon	Vi har i dag ei veldig omfattande og detaljert lokal renovasjonsforskrift å forhalde oss til. Denne må spissast meir. Den må samsvare med innbyggjarane sine behov og med nye lovkrav.	
2026	RBM - Renovasjonsbench-marking	Gjennom å delta på RBM får vi nyttig data som gjeld tenestenivået vårt, indentifiserte sterke og svake sider og gjort kundeundersøkingar. Gir samanlikningsgrunnlag for RBM utført i 2024.	
2024-2027	Merkeordning	Ein innførte i 2020 ei ny nasjonal merkeordning. Vi fortsettkontinuerlig utrulling av dette. Nye dunkar blir merka med nye merke.	
2024-2027	Plukkanalyser	Plukkanalyser gir oss gode data som vi kan nytt i arbeidet med å betre kvaliteten og spisse kommunikasjonen vår. Dette må gjerast kvart år.	



Profesjonalitet			
Mål nr.4: Vi skal forbedre og rasjonalisere tenester, anlegg og auke digitaliseringa.			
År	Tiltak		Berekraftsmål
2024	Avklare framtidig løysing og utvikling av miljøstasjon og RSS.	Miljøstasjonen i Hovdebygda er moden for modernisering. I tillegg har vi pressa areal, og det er mykje næringsaktivitet saman med privat trafikk.	
2024	Digitalisering	Vi må digitalisere det som kan gi betre kundeoppleving, redusere ressursbruken, optimalisere og gi oss betre beslutningsgrunnlag. I 2024 må vi lage ein digitaliseringsplan.	
2024	Organisasjonssetting	Vi må i 2024 ferdigstille organisasjonsprosessen som vart starta på i 2023. Vi må ha rett folk på rett plass. Det blir særst viktig med rett kompetanse framover for å nå alle måla.	
2024	Uskiftingsplan på renovasjonsbilar	Vi skal i 2024 lage ein utskiftingsplan for alle renovasjonsbilane vi har. Forventa levetid, investeringsplan og bilrekneskap må på plass.	
2025	Oppgradering miljøstasjon	Første byggesteg på oppgradering av miljøstasjon.	
2025	Ny profil	VØR skal i 2025 lage ein gjennomført profil på VØR. Denne skal så rullast ut på materiell, utstyr, bilar, anlegg framover. Dette må takast stegvis. F.eks ved innkjøp av ny bil så får denne ny profil.	
2025	Ny renovasjonsbil	Det skal utarbeidast eit anbod på ny renovasjonsbil i slutten av 2023. Forventa levering 2025.	



Samarbeid			
Mål nr. 5: Inngå samarbeid som kan auke kunnskapen, spare kostnader og gi fordelar for VØR, miljøet og abonnentane.			
År	Tiltak	Kommentar	Berekraftsmål
2024	Inngå samarbeid om innkjøp av materiell (dunkar og posar).	Hausten 2023 tok ein opp kontakt med naboselskapa rundt for å sjå på mogleg samarbeid på innkjøp av dunkar og posar. Dette skal iverksettast i 2024.	
2024	Felles løysing handtering av matavfall.	Avgjere om vi skal behandle matavfall på Melsgjerdet eller ein annan stad i vår region. Naturleg at ein fortsett med samarbeid om dette.	
2024-2027	Utvikle samarbeidet med eigarkommunane i høve til kompetanse.	Vi vil utvikle eit betre samarbeid med våre eigarkommune. Årlege eigarmøte og fagmøte er ønskjeleg.	
2024-2027	Inngå nettverk innanfor ulike fagområde med naboselskap og andre selskap i renovasjonsbransjen.	For å auke fagkompetansa vår vil vi inngå samarbeid og utvikle nettverk saman med andre i bransjen i vår region. Fagområde som farleg avfall, kommunikasjon, leing, ditalisering vil det vere viktig å samarbeide om.	
2024-2027	Samarbeid RSS innan HMS, materiell, lokalisering, mv.	RSS er ein viktig del av VØR-familien. Vi er samlokaliserte og jobbar innanfor same bransje. Det er viktig at vi samarbeider innanfor HMS for å gjere oss begge betre. Det er også naturleg at vi samarbeider om materiell, utstyr og andre ressursar også framover.	
2024-2027	Samarbeid med lokale aktørar i høve til ombruk.	Vi må sjå på ombruk som ein nedstrøm. Vi må aktivt søkje etter samarbeidspartnarar på dette.	

